



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
13/00274-24

ARK. F - Fartøy
Folgefond

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
24.05.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hardanger Fartøyvernsenter
Postboks 53
5601 NORHEIMSUND

Hordaland Fylkeskommune

- 8 JUN 2016

LCNE - Folgefond - avslag på søknad om tilskot fra statsbudsjettet 2016 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til søknaden Dykker av 30.10.2015 om tilskot til nemnte farty. Søknaden har vore gjennomgått og vi finner at den oppfyller gjeldande vilkår. Vi er leie for å måtte avslå søknaden.

Det har komme inn søknader frå 169 fartøy, 3 SAVOS-fylke og ein SAVOS-kommune på om lag kr. 308 millionar for inneverande år. Riksantikvaren si budsjett for 2016 dekkjer om lag 32 % av den samla søknadsmassen. Dette gjer at farty som oppfyller vilkåra for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel må få avslag eller redusert tilskot i høve søknaden. Midlane er hovudsakleg fordelt på freda farty, igangverande prosjekt, større farty som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar og farty som vil kome av slipp og/eller ut av dokk.

Vi syner til vedlagte utfyllande informasjon.

Med bakgrunn i dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK

Søknad om tilskot til «Folgefond» i 2016 vert avslegen.

Det står elles att restmidlar frå 2015 på inntil 700 000,-. Desse skal dekkje kostnader i samband med demontering av innreiinga for tilkomst stål arbeid, som skildra i tilskotsbrevet datert 16.04.2015.

Det vart i 2015 også gjeve ei førehandstilseggn for 2016 på inntil 300 000,-. Dette skal dekkje kostnader i samband med overhaling av maskinanlegget som skildra i tilskotsbrev datert 16.04.2015.

Til saman utgjer restmidlane frå 2015 og førehandstilsegna for 2016 ein disponibel sum på inntil 1 000 000,- til «Folgefond» i 2016.

Grunngjeving

Då tilskotsmidlane berre dekkjer ein del av behovet, må Riksantikvaren også i 2016 prioritere strengt når det gjeld kva farty som får tilskot. Hovudkriteria for tildelinga står i Proposition til Stortinget 2015 - 2016 s.135, der det går fram at følgjande tilhøve skal vektleggjast ved fordelinga av tilskot til sikring - og restaureringstiltak i fartyvernet:

- ålmenn interesse

- offentleg tilgjengelege
- økonomisk gjennomføringsvilje og - evne
- potensial for lokalt engasjement
- særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartyet.
- tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall
- farty som det finst få av
- tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningsliner og i samsvar med eventuelle andre retningsliner fra Riksantikvaren.

Innafor tildelingskriteriene frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren difor gjort ei ytterlegare prioritering som kommer fram av lista under.

1. Freda farty
2. Tilskot til større fartøy som kan miste sertifikat utan utbetringar. Fleire har pålegg frå Sjøfartsdirektoratet som vil medføre relativt store kostnader.
3. Vidareføre / fullføre igangverande prosjekt.
4. Få fartøy av slipp og/eller ut av dokk.
5. Rimelig geografisk fordeling.

Prioriterast ikkje i 2016:

1. Kosmetiske tiltak.
2. Tilbakeføringar/endringar som ikkje er ein integrert del av andre igangverande tiltak.
3. Igangsetjing av nye, store prosjekt med høg kostnad eller der tilstanden er ukjend.
4. Tiltak som ikkje direkte kjem fartya til gode, som ulike former for formidlingsprosjekt o.l.

«Folgefond» oppfyller dei fleste sentrale punkt i prioriteringa. Men då det er gjeve ei førehandstilsegn på 300.000,- til restaurering av maskinanlegget, og det står att kr. 700.000,- som er overført frå tilskotet gjeve i 2015, har fartyet 1 mill. som det kan arbeidast for i 2016. Riksantikvaren vil difor vente med ytterlegare tilskot til fartyet.

Generell informasjon

Riksantikvaren gjer merksam på at den som eig eit verna farty også kan søkje om tilskot frå stiftingar, fylkeskommunar samt nasjonale og regionale fond og legat.

Sjølv om fartyet ikkje vart prioritert med tilskot i år, kan Riksantikvaren likevel bidra med råd og rettleiing i arbeidet med dokumentasjon, restaurering, vedlikehald og utarbeidning av søknader.

Høve til å klage

Vedtaket kan klages inn til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. § 29 i forvaltingslova.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef

Erik Småland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg: 1

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020
BERGEN